

1. HøyringsinnspeI er sendt inn av: (Namn på person, gruppe e.l.) *

Eirik Hellerdal Fosstveit

2. Del 1: BARNS BESTE VURDERING: Er de samde i vurderingane av det som er vekta høgt i den gjennomførte barns beste vurderinga, og det som har lågare vektning?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

3. Kommentar til svar Barns beste vurdering

Nærmiljø og kort skuleveg burde vektast høgare. Ein burde sett meir på eventuelle negative konsekvensar av storskule, særleg knytt til trivsel.

4. Del 2: NÅ-BILETET: Opplever de at nå-biletet/beskriving av situasjonen, slik det kjem fram av rapporten til Norconsult, gir eit realistisk bilet av sliK tilbodet er i barnehagane og skulane våre?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

5. Kommentar til svar NÅ-biletet

6. Del 3: FRAMTIDSBILETET: Meinar de framtidsbiletet gir ei god framstilling av kva som bør kjenneteikna barnehage- og skuletilbodet i Sauda?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

7. Kommentar til svar framtidsbiletet

Det er mange visjonar det er vanskeleg å sjå seg ueinig i, men ein bør sjå meir på alternative måtar å koma seg dit.

8. Del 4: GAP-analyse: Er de samde i dei vurderingane referansegruppa og prosjektgruppa har gjort i GAP-analysen?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

9. Kommentar til svar GAP-analysen

Eg har ikkje gjort mi eiga GAP-analyse, så det er det vanskeleg å svara på, men inntrykket er eit svartmåla no-bilete og ein idyllisert framtidsvisjon.

10. Del 5: BARNEHAGE. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barnehage? (Vidareføre dagens barnehagestruktur, alternativ 0, i påvente av avgjerd om framtidig skulestruktur. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg)

- Ja
- Nei
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

11. Dersom de svarar nei, delte meininger, eller anna, kva alterantiv ønskjer de?

- Alternativ 0 +: Dagens organisering (med oppgradering)
- Alternativ 1a: Leggje ned Leabøen barnehage
- Alternativ 1b: Leggje ned Rustå barnehage
- Alternativ 2: Ein communal barnehage, ved å byggje på ein av dei eksisterande
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)

12. Kommentar til svar barnehagestruktur

13. Del 5: SKULE; del 1. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barneskule? (Sauda skal i framtid ha ein felles barneskule. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

14. Kommentar til svar skulestruktur, del 1

Ein ny storskule vil bli ei umåteleg dyr investering. Ein får inntrykk av at kvalitet skal trumfa økonomi, og det høyrest jo flott ut, men kva skjer i neste kuttrunde? Kor vil kommunen då spara inn? Lærarstillingar? Det vil i så fall gå utover kvaliteten ein var så opptekne av. Eg fryktar òg at eit nybygg vil bli bygd i dårleg kvalitet for å spara pengar – mange offentlege nybygg har ein tidshorisont på berre 30 år, som er hårreisande i både eit økonomi- og miljøperspektiv.

Det er oppsiktsvekkjande at ein så fyldig rapport ikkje ofrar ein tanke på dei miljømessige konsekvensane av å byggja nytt kontra å oppgradera eksisterande bygg. Byggjebransjen står for ein enorm andel av globale klimautslapp og ressursbruk på ein stadig meir utarma og oppvarma klode, og slikt burde inngå i miljø- og klimareknskapet til kommunen.

Rapporten ser ut til å ha sterk tru på at trivsel og læringsmiljø vil bli betre på ein storskule, men det er slett ingen automatikk i dette, og då er det risikabelt å ofra det som er gode nærskular i dag.

Andre viktige ting rapporten ikkje tek nok omsyn til:

Verdien av å gå/sykle til skulen. Dei fleste vel buss eller bil når skulevegen overstig 2 km, og det er gjerne i denne alderen ein lærer seg gode vaner. I eit folkehelseperspektiv er dette med andre ord negativt. Det kjem òg til å føra til meir lokal bilkøyring, med foreldre som hentar og bringer borna til sentralskulen. Det er heller ikkje ukjend at mobbing på bussen førekjem, utan vaksne til å gripe inn.

Bulyst. Tilgong til nærskule i gåavstand kan vera tunga på vektskåla for barnefamiliar som vurderer å flytta til Sauda. Kanskje går me glipp av fleire nye saudabuar om desse blir lagt ned? Kanskje nokre utvandra ytrebygdingar med nystifta familie mistar lysten til å flytta heim?

Plan for etterbruk av nedlagte skular. Det føreligg ingen planar for dette? Ein kan håpa at nokon vil ta over lokala, t.d. til kontorer eller industri, men det manglar ikkje på ledige bygg i Sauda, så det er langt meir sannsynleg at dei vil enda opp med å stå til nedfalls – kanskje fungera som ein slags grändahus i ein kortare periode før dei blir gitt opp heilt, noko som vil gå kraftig utover attraktiviteten og imaget til Sauda. Då kan kommunen alternativt riva bygga og istandsetja områda til anna bruk (grøntområde, bustadar?), eller vedlikehalda bygningane, men begge deler krev betydelege pengesummar som det ikkje er lagt opp til i vurderingane.

15. Del 5: SKULE; del 2. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak om at fram til det kan etablerast ein felles barneskule, skal kommunestyret iverksetje 2a, ein skule for 1. - 4.klasse, og ein for 5. - 7.klasse. Tiltaket forutsetter at forprosjekt for ny felles barneskule er klar, særleg med omsyn til plassering. (For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meininger i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

16. Kommentar til svar skulestruktur, del 2

Her har ein verkeleg ikkje prioritert barnas beste, om ein skal lytta til faglege råd. Kvifor kan ein ikkje halda fram med eksisterande struktur fram til eit eventuelt nybygg står klart?

17. Ope kommentarfelt for andre innspel

Denne saka er for kompleks og viktig til at den kan bankast gjennom utan brei politisk semje.

Høyringsperiode lagt til sommarferien forsterkar inntrykket av dette er ei hastesak for å innkassera ein politisk siger.
